

BLYTTIA


NORSK BOTANISK FORENINGS TIDSSKRIFT



1957

NR. 1

OSLO



Johannes E. Haugen

7. oktober 1873 – 1. september 1956

Av

OLAV GJÆREVOLL

Ein av dei store amatørbotanikarane i landet, Johannes E. Haugen, Oppdal, døydde den 1. september 1956, 83 år gamal. I over 30 år har han vore ein av dei mest kjære medarbeidarane til Botanisk Museum i Oslo og Vitenskapselskapets Museum i Trondheim.

Haugen budde i Storlidalen, ein agnordal som kjem Drivdalen i møte ved Lønset. Fjellsidene er bratte heilt innover til Ångardsvatnet, men ved Storli vider dalen seg ut. I bakgrunnen møter oss eit syn som er noko av dei vakraste ein Trollheim-vandrar kan tenkje seg, Inderdalsfjella med tårn og slott.

Ved sida av bondeyrket dreiv Haugen som kunsthåndverkar som så mange av forfedrene sine. Treskurden til Haugen sto høgt i kurs.